



ÅRSPLAN 22/23

NORDBYGDO FUS BARNEHAGE



Nordbygdo

INNHOLDSFORTEGNELSE



| | |
|-------------------------------------------------------------------------|----|
| 1. Om årsplanen og FUS sine mål for barnehagene | 4 |
| Verdiar | 4 |
| Hovedmål..... | 6 |
| Leiing og organisering | 7 |
| 2. Om barnehagen..... | 7 |
| Friluftsliv | 8 |
| Kunnskap og utvikling gjennom opplevingar | 8 |
| Ein inkluderande barnehage | 11 |
| Barnehagen sin tradisjonar | 13 |
| 3. Vårt verdigrunnlag | 14 |
| Barn og barndom | 14 |
| Demokrati | 14 |
| Mangfold og gjensidig respekt | 15 |
| Likestilling og likeverd | 15 |
| Bærekraftig utvikling | 16 |
| Livsmestring og helse | 17 |
| 4. Barnehagens formål og innhold | 19 |
| Sosioemosjonell støtte og rettleiing..... | 20 |
| Organisering og leing: | 20 |
| Læringsstøtte | 20 |
| Omsorg | 22 |
| Leik | 23 |
| Læring..... | 25 |
| Danning..... | 26 |
| Progresjonsplan for omsorg, leik, læring og danning – se vedlegg 1..... | 26 |
| Venskap og fellesskap | 27 |
| Kommunikasjon og språk | 27 |
| Fagområda i rammeplanen | 27 |
| Progresjonsplan for fagområda vedlegg 2 | 27 |



BARNET
FØRST!

| | |
|------------------------------------------------------------------------------|----|
| 5. Barn sin rett til medverknad | 28 |
| 6. Samarbeid | 30 |
| Foreldresamarbeid:..... | 30 |
| 7. Overganger | 32 |
| Tilvenning i barnehagen..... | 32 |
| Begynna i barnehagen – dei yngste barna | 32 |
| Overganger innad i barnehagen | 33 |
| Overgang mellom barnehage til skule | 34 |
| 8. Barnehagen som pedagogisk virksomhet | 38 |
| Lærende organisasjon | 38 |
| Me brukar denne modellen for evaluering og vurdering av vårt arbeid | 41 |
| Spesifikt | 41 |
| Målbart | 41 |
| Attraktivt | 41 |
| Realistisk | 42 |
| Tidsbunde | 42 |
| Evaluerbart | 42 |

1. OM ÅRSPLANEN OG FUS SINE MÅL FOR BARNEHAGENE

Barnehagen skal utarbeida ein årsplan. Årsplanen er ein arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og skal dokumentera vala og grunngjevingane til barnehagen. Årsplanen kan gi informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til myndighetsnivåa, samarbeidspartnerane til barnehagen og andre interesserte.

(Rammeplan for barnehagen 2017, s. 37).

Årsplane skal visa korleis me arbeider for å nå krava i den nasjonale rammeplanen for barnehagen. Årsplanen skal og beskriva korleis me vil nå FUS sine felles mål for barnehagane og korleis med arbeider med våre lokale satsingsområde og profil.

Årsplanen er eit viktig dokument der me kan synleggjera vårt arbeid til føresette, korleis barn og føresette sin medverknad er ein del av planleggingsarbeidet, og korleis barnehagen vurderer sitt pedagogiske arbeid.

Visjon:

**Samen gir me barndommen verdi:
Leik, glede og kvardagsmagi og venegaranti**

Dette er vår visjon og vår leiarstjerne. Det er retninga for kva me ynskjer å oppnå, både i kvardagen og for framtida. Visjonen er noko me strekkjer oss etter kvar dag, i møte med barn, føresette og kollegaer. I alt vårt arbeid med planlegging, handling, vurdering og satsingsområde skal visjonen vera med oss, og sei noko om vegen me skal gå.

Me løftar fram:

- **Kommunikasjon i leiken:** Barn lærer å kommunisere betre når dei vaksne nyttar opne spørsmål, stimulerer til forteljing og nyttar munnleg språk.
- **Venegaranti:** Me gjev ros i plenum. Me løftar fram prososial åtferd. Me snakkar om venskap. Me rettleier i konfliktar.
- **Eventyrlyst:** Dei vaksne byr på seg sjølv. Barna får prøva ut og teste seg sjølv i trygge anerkjennende omgivnadar. Eventyrlyst gjev kreativitet og livsmeistring.
- **Venekompetanse:** Dei vaksne veit at leikekompetanse styrker barna sin egenledelse og sosiale ferdigheter. Barn sin evne til fleksibilitet og rolleprogresjon er eit viktig kjennetegn på leikekompetanse.

Verdiar:

Glødande, skapande og tilstades

Dette er våre verdiar som seier noko om kva me står for, kva me trur på og kva som er viktig for oss. Dei seier noko om kven me er og kva me ynskjer å gje vidare. Våre verdiar er også ein veivisar for våre handlingar, våre vurderingar og dei holdningane me har. Det er gjennom våre verdiar kan me henta inspirasjon og motivasjon til å verkeleggjera vår visjon.

Barna tilbringar mykje tid i barnehagen, og føresette gjev oss ansvar for det kjæraste dei har. Det betyr at personalet i barnehagen skal gje barna gode interaksjonar. Dei skal oppleva omsorg, glede, tryggheit og utvikling kvar dag. I vår barnehagen skal me fremje både fysisk, motorisk, emosjonell, kognitiv og sosial utvikling som bidrar til å stimulera heile mennesket.

Nordbygdo FUS barnehage legg stor vekt på å nytta naturen i vårt arbeid. Me legg til rette for opplevingar, leik, læring og aktivitetar gjennom friluftsliv. Barna vil gjennom dette få både kunnskap, meistring, erfaringar og opplevingar gjennom gode interaksjonar med barn og vaksne.

Barn utviklar venekompetanse gjennom kvardagsmagien som oppstår når personalet byr på seg sjølv, og nyttar sine varierte og sterke sider. Det å ha gode interaksjonar og gode relasjonar mellom barn og vaksne er noko me legg stor vekt på i vår barnehage. Gode interaksjonar saman med andre er kanskje noko av det viktigaste barna lærer i barndommen. Me arbeider målretta mot at barna skal utvikla venekompetanse, og finna gode vene i barnehagen. Personalet i barnehagen skal ha fokus på egenledelse (sjå eige avsnitt) i leik og læring, relasjonskompetanse og byggje vidare på interaksjonane mellom barn og personale, noko som er særskilt viktig for barn si utvikling. Relasjonsbygging og nærliek står høgt hos personalet vårt.

Vårt mål er å nå kvalitet på alle områder. Kvaliteten i barnehagen vert målt gjennom årlege brukarundersøkingar og medarbeidarundersøkingar, samt eit godt og tett samarbeid med barna sine foreldre/føresette.



Hovedmål:


- FUS barn har eit positivt sjølvbilde
- FUS barn er trygge og forskande, trives i leik og har venekompetanse
- FUS barn gleder seg til “resten av livet”, då dei veit dei har mogelegheit for å påverke og at innspela deira tel
- FUS barn tenkjer tilbake på barnehagetida med glede

Våre metoder for å jobbe mot målene:

- Personalet deltek på kompetanseutvikling gjennom FUS skulen t.d. egenledelse og Class/ TIK
- Personalet følgjer retningslinjene for SmartMat
- Personalet følgjer FUS standaren for kvalitet
- Rettleiingskurs for nyutdanna barnehagelærarar
- Fus sine leiarkrav

I Fus barnehagane har me eit felles slagord, «Barnet først». Dette inneber at alt me gjer skal vera til barnet sitt beste. «Barnet først» er også namnet på vår kompetanseutvikling, der målet er eit likeverdig barnehagetilbod med høg kvalitet i alle våre barnehagar.

I årsplanen tek me utgangspunkt i det mandatet Rammeplanen for barnehagen gir oss, vidare seier me noko om korleis me il gjennomføra dette i praksis.



2. OM BARNEHAGEN



Nordbygdo FUS barnehage er satt saman av avdeling Tyse og avdeling Prestagardskogen. Avdeling Prestagardskogen har tre avdelingar med plass til ca 55 barn. Ein småbarnsavdeling, og to aldersblanda avdelingar. Prestagardskogen har vore i drift sidan 1999. Avdeling Tyse starta opp i 2015. Her er det fem avdelingar med plass til ca 76 barn, to småbarnsavdelingar og tre aldersblanda avdelingar.

Me har valt å organisera barnehagen som ein avdelingsbarnehage. Barna og personale høyrer til sine faste avdelingar. Samstundes ser me på barnehagen som ein heilskap, der me legg stor vekt på samarbeid mellom avdelingane og har opne dører. Barna skal bli trygge i heile barnehagen og verta godt kjent med alle tilsette og dei andre barna, men dei utviklar ein sterkare tilknyting til «sine vaksne» på sin avdeling.

Nordbygdo FUS barnehage, avdeling Tyse, har adresse: Tysemarkjo 47
Nordbygdo FUS, avdeling Prestagardskogen, har adresse: Vestlivegen 40

LEIING OG ORGANISERING

Styret sin leiar: Eli Sævareid

Dagleg leiar: Anne Kristin Aaseth dl.nordbygdo@bhg.no telefon 416 81 108

Nestleiar: Aud Lillian Brandsdal aud.lillian.nordbygdo@bhg.no telefon 486 08 162

Samarbeidsutvalets leiar: Silvia Vassnes silviavassnes@gmail.com

Samarbeidsutvalet skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet er forankra i barnehageloven § 4. Samarbeidsutvalet er samansett av føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Utvalet avgjer

sjølv kor ofte dei skal ha møte, og dei skal blant anna handsama innspel frå foreldregruppa. Tilbakemeldingar frå samarbeidsutvalet vert tatt med i vidare arbeid og planlegging internt i barnehagen. Samarbeidsutvalet skal godkjenna barnehagen sin årsplan

FRILUFTSLIV: KUNNSKAP OG UTVIKLING GJENNOM OPPLEVINGAR

Nordbygdo FUS barnehagen er ein FRILUFTSBARNEHAGE. Leik og læring i naturen er svært viktig for oss. Me nyttar naturen og nærmiljøet aktivt og legg til rette for læring gjennom friluftsliv. Naturen er ein spanande leik- og læringsarena og me ynskjer å gje barna kunnskap, erfaringar, ferdigheiter og opplevingar ute i naturen.

Me nyttar leik og aktivitetar i naturen for å nå fleire av dei måla, verdiane og visjonen som dannar utgangspunktet for vår pedagogiske verksemd.

Forsking viser at det å driva friluftsliv i barnehagen gjev auka trivsel, betre sosialt miljø med færre konfliktar mellom barna, samt ei styrking av fysisk og psykisk helse (Foreldreutvalet for børnehagar).

For barna er leiken ein naturleg inngangsport til friluftsliv. Klatre i tre, leike gjømsle, sjå på småkryp, leike med pinnar, kaste steinar og kongler i bekken, samle på steinar, byggje hytter, skape rom, plukke blåbær, grave, rote og utforske omgivnadane. Sanseerfaringar, risikoleik, forvitenskap, og stadig nye oppdaginger står sentralt.



Me meiner at friluftsliv har ein eigenverdi, og er ein del av den gode barndomen. I barnehagen har friluftsliv ein verdi for barna i form av opplevingar, meistring, inntrykk og utforsking. Til og med det strevsame med å vera på tur har ein verdi i seg sjølv. Det har ei tyding og kan kjennast verdifullt for barnet her og no, men er og ei erfaring å ta med seg vidare. Ein kan og sei at turen i seg sjølv er målet, med alt den inneber.


Samstundes ser me i barnehagen på naturen som ein læringsarena der ein kan få eit pedagogisk utbytte av friluftsliv, og det å vera ute i naturen. Barn lærer gjennom opplevingar og erfaringar saman med andre. Eit godt læringsmiljø der me tek utgangspunkt i barna sine interesser og eigen ståstad, er inspirerande og motiverande. Barna vert stimulert til å vera nyfikne, fleksible og lærer om samhald og fellesskap. Dei får ny kunnskap, får kjenna på spenning og blir motivert til å vera ute i all slags vær. Det å vera ute i naturen kan gje barna sterke og gode minne for resten av livet.

Korleis arbeider me med friluftsliv og opplevingsbasert læring:

Dei tilsette i barnehagen er viktige rollemodellar for barna. Me støttar barna i deira utforsking, viser dei vegen inn i naturen og deler den gleda ein kan få ved å vera ute saman. Personalet legg til rette for gode opplevingar ute i naturen, me er spontane og me grip dagen saman med borna. Me er til stades, medopplevande og interesserte, noko som er med på å sikra barna sin rett til medverknad, både gjennom planar, og det som skjer her og no. På den måten kan både barna og dei tilsette vera med på å påverka kvardagen og utforska naturen saman.

I Nordbygdo FUS barnehage er me ute i alle slags vær, barna skal få bli kjent med alle årstidene, og korleis naturen kjennest på kroppen. Me følgjer skiftingane i naturen og har fokus på kva som skjer i dei ulike årstidene.

Det å verta kjent med seg sjølv, fysisk og psykisk i møte med naturen, er svært verdifullt. Ute i skogen får barna eit mangfold av mogelegeheter til å vera fysisk aktive i leiken. Dette er grunnleggjande for glede ved fysisk aktivitet seinare i livet, og styrker barna sin motoriske utvikling her og no. Sampelet mellom barna endrar seg når dei er ute i naturen. Det å vera ute er difor viktig for deira sosiale utvikling.



I Nordbygdo FUS barnehage kan me gje barna tilbod om:

Turarar med robåt og kanoar i Ådlandsvatnet. Fine stunder på leirplassen, der me har trelavvo med benker og ovn, inne i Ådlandsskogen. Me har to minibussar som gir oss mogelegheit til å ta lengre turar, samstundes som me har eit fantastisk turområde like utanfor barnehagen.

Når me er ute på tur kan me oppleva å:

- Krypa inn i ei mørk hole
- Klatra på ein bratt vegg
- Luska inn i ein mørk trollskog, og liggja på rygg i den grøne mosen medan me ser på skyene som dreg forbi
- Fanga krabbar og andre smådyr i fjøra
- Dra på kanotur i ausande regn
- Helsa på eit nyfødt lam
- Sjå ei stor ørn som svever over oss på fjellet
- Studera ei yrande maurtue eller ein hoppande frosk

Barn har ulike behov og føresetnader, og me legg til rette for at alle skal ha glede av å vera ute i skogen, ved sjøen eller på fjellet, til alle årstider. Alle barna i barnehagen er ofte ute på tur, også dei yngste. Me har faste turgrupper, faste turdagar og er elles mykje ute.



For dei yngste barna startar me med turar i nærleiken av barnehagen, etterkvart som beina veks til, vert turane og utfordringane større. Me nyttar område i nærleiken av barnehagen t.d. Reveskogen, Heksehagen, Sølekjøkkenet og skogen ved golfbanen. Ministrien i Prestagardskogen er og ein flott tumlepllass for dei yngste barna. Når barna blir eldre, blir turane lengre, og me finn nye turmål.

Dei eldste barna får:

- Turar utanfor Stord, t.d. Vikingbyen på Karmøy, tur til Huglo, Bømlo eller Sveio
- Tur til Kvelve, Utslettfjellet, Steinhjeshedlo og andre fjellområde
- Alle skal få prøva å klatra i klatresele på berg/fjell
- Alle skal få fleire turar med kano, inkludert den store kanoveka der alle 4-6 åringane er med.
- Tur til sjøen og vatn/elv for å fiske med ulikt fiskeutstyr

Gjennom friluftsliv skal alle barn i barnehagen få mogelegheit til å:

- Oppleva naturen, og undring over mangfaldet gjennom dei fire årstidene
- Få tverrfagleg god læring gjennom vårt arbeid med dei ulike fagområda
- Erfare med eigen kropp og kjenna meistring. Barna skal oppleva å lukkast på eigne premiss
- Oppleva gleda ved å ferdast i naturen. Dei skal få tid og rom til den frie leiken.
- Få grunnleggjande innsikt i naturen, berekraftig utvikling og samspel med naturen. Dei skal få erfaring med, og kunnskap om, dyr og vekster, deira gjensidige avhengigheit og kjennskap til matproduksjon
- Læra nye omgrep, og få ei begynnande forståing for ulike fenomen i naturen
- Laga og eta mat ute, ved grillhytta, i lavvoen, eller andre stader. Fokus er eit sunt, godt og variert kosthald
- Erfare medverknad, demokrati, likestilling, samhald og fellesskap. Alle barna skal få dei same utfordringane og opplevingane uavhengig av kjønn og bakgrunn

EIN INKLUDERANDE BARNEHAGE

Det å vera ein inkluderande barnehagen er eit stort og viktig arbeid for oss i FUS Nordbygdo barnehage. Dette har vore eit viktig prosjekt hos oss dei siste åra, og noko me har tileigna oss kunnskap om og som me videreutvikler. Dette arbeidet var ein del av eit nasjonalt/kommunalt satsingsområde, der Pål Roland frå Nasjonalt senter for læringsmiljø og atferdsforskning, ved universitetet i Stavanger er ein viktig bidragsytar.

Systematisk arbeid med å førebyggja mobbing har vore eit krav i Rammeplan for barnehagen. Regjeringa har løfta dette kravet opp i Barnehagelova.

Me skal ha nulltoleranse for mobbing, plaging og utestenging i leiken. Me arbeider for at forholda mellom barn og vaksne er prega av entusiasme, varme, psykisk og fysisk nærleik, smil, latter, trøyst og eit fang å sitja på. Me byggjer på FUS sine verdiar og viser barna

respekt både gjennom språk og augekontakt. Dei vaksne er sensitive i høve til å fange opp, og tolke, barna sine uttrykk og signal. Me har tilgjengeleg eit stort og variert utval av aktivitetar, stimuli og utfordringar, som jamleg vert vurdert av personalet i høve til kva som er rett og viktig for barn si læring og utvikling.

Arbeidet med ein inkluderande barnehagen vil også ha ein nærliggende samanheng med FUS sin visjon «alle skal ha venekompetanse og ha gode vener i barnehagen»

Me arbeider målretta mot at alle skal utvikle venekompetanse og ha gode vener i barnehagen. Me skal vera med på å gje barna «den gode barndommen» Det å forholda seg til andre er kanskje det viktigaste barna lærer i barndommen og i barnehagen. Satsing på å auka, og vidareutvikla, personalet sin kompetanse i egenledelse i leik og læring, er en del av barnehagens kompetanseutvikling på å ha trygge og profesjonelle vaksne, som veit korleis dei kan støtta barn sin venekompetanse. I dette arbeidet vil også TIK og CLASS vera ein viktig arbeidsreiskap.

Ingen barn skal mobbe eller bli mobba i barnehagen. Barn si oppleving av seg sjølv og sin eigenverdi utviklar seg i samspel med omgivnadane. Mobbing er alvorleg fordi det har store personlege konsekvensar. Barn som vert utsett for mobbing blir fråtatt livsmot og verdighet. Forsking viser at både barn som mobbar og barn som opplever mobbing har ein høgare risiko for å utvikle psykiske vanskar seinare. Når barnehagen vert klar over at nokon blir utsatt for mobbeåtfred må me handle raskt, og ta grep som er nødvendige for at eventuell mobbeåtfred skal opphøyra.

Handlingsplan for et godt barnehagemiljø




I det nye lovforslaget til departementet har det kome ei aktivitetsplikt som krev handling frå barnehagen dersom barn kjenner seg utrygge. Alle dei vaksne i barnehagen har ansvar for å observere og melde frå. Barnehagen skal setje i verk tiltak, og ha planar for korleis dei handsamar slike saker. Dette er ein del av vårt HMS arbeid, der me har eigen handlingsplanar. Samarbeid med foreldre/føresette står sentralt i det miljøførebyggjande arbeidet i barnehagen. Aktiv medverknad og godt samarbeid med føresette er avgjerande dersom mobbing oppstår.

Korleis arbeider me med dette;

- Styrkjer dei tilsette sin kompetanse om mobbing
- Systematisk observasjon for å kartleggje relasjonar og venskap mellom barna
- Arbeider med barna sine samspelserfaringar. Legg til rette for at alle barn har vener (leikegrupper)
- Har venskap som tema i barnegruppene, og tar dette opp med barna kontinuerlig
- Brukar barnebøker og leikeaktivitetar der me har fokus på det å vera vener
- Me brukar «Steg for steg»
- Arbeider bevisst og systematisk med konfliktløysing. Det er lov å vera ueinig
- Brukar handlingsplan for uakseptabel åtferd som verktøy
- Har mobbing som tema på foreldremøte, og invitera føresette til medverknad
- Involverer føresette til begge partar dersom mobbeåtferd er observert
- Oppmodar føresette til å kome til oss i barnehagen og fortelje dersom barnet/barna fortel om mobbing eller utestenging i barnehagen

BARNEHAGEN SIN TRADISJONAR

- Haustsuppe/hausttakkefest
- Karimesse
- Luciafeiring der føresette blir invitert
- Kyrkjevandring
- Solsnu og nissefest for barna og personalet
- Lysfest i januar
- Samefolkets dag og internasjonal veke
- Alternativ karneval med temafest
- Påskefrukost
- FUS dagen
- 17.feiring
- Ryddeveka i mai
- Sommartur for 5 åringane
- Sommaravslutning med markering av barna som skal byrja på skulen



3. VÅRT VERDIGRUNNLAG

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barnsdommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i tett samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sitt behov for omsorg, leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning må sjåast i samanheng. I kapittel 4 kan de lesa meir om leik, omsorg, læring og danning.

(Rammeplan for barnehagen 2017, s. 7)

Barnehagen sitt verdigrunnlag er forankra i Rammeplan for barnehagen og gir oss eit samfunnsmandat for alt vårt arbeid med barna.

BARN OG BARNDOM

Barn skal møtast som individ, og barnehagen skal ha respekt for opplevingsverda til barnet. Barns liv blir påverka av omgivnadane, men barn påverkar og sitt eige liv (Rammeplan for barnehagen 2017, s. 8).

Med utgangspunkt i «Barnet først» - FUS sine visjon og verdiar, vårt satsingsområde og Rammeplanen sine føringar arbeider me for å gje barna i god barndom.

DEMOKRATI

Meir mangfold og individualisering gir behov for demokratiforståing, respekt for ulikskapar og positive haldningars til å leve saman i fellesskap. Gjennom å delta i barnehagefellesskapet skal barna få sjansen til å utvikle forståing for samfunnet og den verda dei er ein del av. Barnehagen skal fremje demokrati og vere eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å ytre seg, bli høyrd

(Rammeplan for barnehagen 2017, s.8).

Det å arbeida med demokrati og utvikle ei forståing for dette, har nær samanheng med barna sin rett til medverknad og danningsprosessen. Det å medverke er ikkje det same som å bestemme. I Nordbygdo FUS barnehage gjev me barna ei oppleveling og anerkjenning av å bli hørt og at alle si mening har verdi for ei avgjerd. Me må også gje barna erfaringar med at ikkje alle kan bli hørt kvar gong, men at me sammen må finne gode løysningar som fellesskapet kan ha glede av.

Me arbeider med demokrati gjennom:

- Lytta og sjå barna sine behov
- Bruka demokratiske prosessar t.d. avstemming
- Rettleia barna så dei får øva seg på å grunngje tankar og meininger
- Rettleia barna så dei forstår deira verdi som deltar i ei gruppe
- Inkludere barna og la dei medverke
- Gje barna ei forståing av at demokrati betyr at ikkje alle kan få gjennomslag for sine ynskjer og behov, men at ein kan finna gode løysingar som fellesskapet kan ha glede av



MANGFOLD OG GJENSIDIG RESPEKT

Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfold og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finnes mange måtar å tenkje, handle og leve på. Samstundes skal barnehagen gi felles erfaringar og synleggjere verdien av fellesskap. Barnehagen skal vise korleis alle kan lære av kvarandre, og fremje nysgjerrigkeit og undring over likskaper og forskjellar. Barnehagen skal bidra til at alle barn føler at dei blir sett og anerkjent for den dei er, og synleggjere den enkelte sin plass og verdi i fellesskapet
(Rammeplan for barnehagen 2017, s.9).

I vår barnehage er me medvitne på at alle menneske er forskjellige og at forskjellar er positivt. Barnehagen legg til rette for ulike religionar og alle skal bli møtt med respekt hos personalet. Me ser på mangfold som ein resurs der barn vert anerkjent for den dei, er og ikkje for det dei gjer.

Barna får møta tilsette av begge kjønn og frå ulike delar deler av verda. I Nordbygdo FUS barnehage har me bevisst tilsett menneske med ulik bakgrunn og med forskjellig alder. Barn vil oppleve i praksis at menneske av forskjellig etnisk opphav, og med forskjellig bakgrunn og utsjånad er likeverdige og at me har like stor respekt for alle uansett bakgrunn.

LIKESTILLING OG LIKEVERD

Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn
(Rammeplan for barnehagen 2017, s. 10).

Likestilling og likeverd skal ligga til grunn for all lærings- og pedagogisk verksemd i barnehagen. Dei vaksne i barnehage viser respekt og gode haldningar til alle, uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Me oppmuntrar barna til å delta på alle slags aktivitetar, samstundes som me skal respektera at barn har ulike preferansar når det kjem til leik og aktivitet.

Likestilling i barnehagen handlar ikkje om at alle skal vera like, men at alle skal ha like mogelegheiter. Like mogelegheiter til å delta i alle aktivitetane i barnehagen, og like mogelegheiter til lærings- gjennom leik. Dette gjeld også våre haldningar til gutter og jenter, og deira mogelegheit til å delta i alle aktivitetar. Det er difor viktig at me som vaksne er bevisst vår rolle og at me reflektere over eigne haldningar for best mogleg kunne formidle og fremje likeverd og likestilling
(Rammeplan for barnehagen 2017, s.10).

Etiske problemstillinger i forhold til våre haldningar og handlingar blir jamleg diskutert, og løfta frem, i personalmøte og på kurs.

BÆREKRAFTIG UTVIKLING

Barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Bærekraftig utvikling omfattar natur, økonomi, og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik me kjenner den. Barnehagen har difor ei viktig oppgåve i å fremje verdiar, haldningar og praksis for meir bærekraftige samfunn. Bærekraftig utvikling handlar om at menneske som lever i dag, får dekt dei grunnleggjande behova sine utan å øydeleggje framtidige generasjonar sin sjanse til å få dekt sine behov. Det handlar om å tenkje og handle lokalt, nasjonalt og globalt. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at handlingar i dag har konsekvensar for framtida. Barnehagen skal leggje grunnlaget for barna si evne til å tenkje kritisk, handle etisk og vise solidaritet. Barna skal få erfaringar med å gi omsorg og ta vare på omgivnadane og naturen. Barna skal få naturopplevingar og bli kjende med mangfaldet i naturen, og barnehagen skal bidra til at barna opplever tilhøyrslle til naturen

(Rammeplan for barnehagen 2017, s.10).

Vårt arbeid med bærekraftig utvikling har som mål og gje barna kunnskap og skapa haldningar, slik at dei er rede til å ta vare på naturen, kvarandre og seg sjølv. I dette arbeidet legg me vekt på å sjå bærekraftig utvikling med utgangspunkt i fire dimensjonar.

Økonomisk bærekraft omhandlar det å om å gje barna kunnskap og korleis me forvaltar våre økonomiske verdiar, kanskje me kan reparere før me kjøper nytt. Det omhandlar og at me er bevisst på vår rolle om å vere sosialt utjevnande, slik at alle barn har like muligheter for å delta.

Sosial og kulturell bærekraft har som grunnlag at barnehagen skal vera eit inkluderande fellesskap. Me gir barna kunnskap og erfaringar med ulike trusretningar, kultur og tradisjonar og at dei opplever at me praktiserer likestilling og likeverd mellom kjønn, legning og etniske grupper.

Politisk bærekraft omhandlar at barna skal få erfaringar med at deira stemme har tyding og at dei er ein del av felleskapet. Dei skal få ta del i demokratiske prosessar, der alle har rett til å bli høyrt og har mulighet for å påverke (rett til medverknad)

Økologisk bærekraft omhandlar det å ta vare på naturen og mangfaldet av artar og naturtypar. Gjennom opplevingsbasert lærings vil barna få kunnskap og erfare at menneske og naturen er til gjensidig nytte. Gjennom erfaringar skal barn og få kunnskap og holdningar til naturen sitt kretsløp og produksjon av mat (Bergan og Bjørndal, 2019.s.27)





Me er opptatt av å gje barna gode holdningar og kunnskap gjennom:

- Me vaksne bevisstgjer barna på korleis me saman kan påverke miljøet gjennom å sortere søppel. Kvar avdeling sorterer det dagleg sørpelet under forskjellige kategoriar
- Barna får vera med på den kommunale avfallsstasjonen for å sortere søppel me ikkje kan kaste i hushåldssavfall
- Læra å ikkje kasta mat
- Ha fokus på gjenbruk, og at me vaksne er gode rollemodellar for å ta vare på leiker, bøker og utstyr
- Barna får læra gjennom erfaringar i naturen. Kunnskap om dyr og vekstar og deira gjensidige avhengighet og betydninga for matproduksjon
- Barna får ei begynnande innføring i samanhengen mellom menneske, naturen og berekraftig utvikling
- Barna får kjennskap til kva naturen kan gje oss til å eta og laga.
- Me samlar naturmateriale til aktivitetar og matlaging
- Me er med på å halda miljøet reint og ryddig rundt oss ved å plukka søppel når me er ute på tur
- Me gir lite informasjon og dokumenter i papirform, men nyttar MyKid og e-post

Dei eldste barna i barnehagen får i oppgåve å vera MILJØAGENTAR. Miljøagentane er barna sin miljøvernsorganisasjon. Dei jobbar for å gje barna trua på seg sjølv, framtida og at det nyttar å gjera noko. Heile barnehagen er årleg med i ein ryddeaksjon, der me ryddar i og rundt barnehagen.

LIVSMESTRING OG HELSE

Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barna si fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til at barn trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Om et barn opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen håndtere det, stoppe det og følgje opp

(Rammeplan for barnehagen 2017, s.11).



Barnehagen skal vera ein trygg og utfordrande stad der barna kan få prøva ut ulike sider ved samspel, fellesskap og venskap. Dei skal få støtte i å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjend med eigne og andre sine grenser. Dei skal få mogelegheit til ro, kvile og avslapping i kvardagen.

Dei vaksne skal «framsnakke» alle barn. Gjennom aktiv deltaking og å vera tilstades i leik og kvardagsaktivitetar, skal det gje rettleiing og støtte dei som treng det for å meistre livet. Me nyttar observasjon som grunnlag for å få eit heilskapleg bilde av barna og deira utvikling, i nært samarbeid med foreldre/føresette.

Me kan og sjå dette i samanheng med vårt fokus på FRILUFTSLIV, der me legg grunnlag for at barna har lyst å vera ute i naturen, og får oppleva glede av dette. Alle barn skal vera ute i løpet av dagen og oppleva naturen, friluftsliv, samt vera med på tur i skogen. Barn som er ute i skogen er naturlig fysisk aktive i leiken. Ved at barna er ute i naturen vert den fysiske og psykiske helsa stimulert. Opplevinga av natur gjev også ei veksling mellom inntrykk, ro og kvile.

4. BARNEHAGENS FORMÅL OG INNHOLD

«Innhaldet i barnehagen skal vera allsidig, variert og tilpassa enkelt barnet og barnegruppa. I barnegagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik og læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barnet»

(Rammeplan for barnehagen 2017, s. 19).

TIK og CLASS dannar grunnmuren i arbeidet vårt og me ser dette i samanheng med andre satsingsområde, leik, læring, omsorg, danning og alle aktivitetar i kvardagen vår. TIK (Tuning in to kids) legg stor vekt på vår relasjonskompetanse og har som mål å styrkja barna sin emosjonelle og sosiale kompetanse. Gjennom observasjonsverktøyet CLASS (Classroom Assessment Scoring System) nyttar me observasjon for å sjå korleis me vaksne er i vår interaksjon og samspele med barna.



Barnet først er eit heilskapleg system for å styrkja dei ansatte sin kunnskap og handlingskompetanse. Det består av tre ulike hovedområder som saman skal bidra til å styrkja barna sin allsidige utvikling; sosioemosjonell støtte og rettleiing, organisering og leiing samt læringsstøtte.

SOSIOEMOSJONELL STØTTE OG RETTLEIING:

Positivt klima og negativt klima: smil, latter, entusiasme, positiv kommunikasjon, respekt for kvarandre, fråvær av straff, hån, kjeft, sarkasme og erting.

Sensitive voksne-trygge barn: hjelper barna med konflikthåndtering, er merksame og bidra til tryggleik.

Barns perspektiv og medvirkning: viser fleksibilitet, ivaretar barna sitt perspektiv, lar barn uttrykkje seg.

Emosjonskompetanse: identifiserer og forstår eigne kjensler, nyttar kjenslene til å navigere i sosiale interaksjonar, nyttar emosjonelt mevit til å rettleie i problemløysning, handtera frustrasjon og er i stand til å venta på det ein vil ha, forhindrar at stress og uro overveldar evna til å tenkja klårt og har kontroll over korleis og kor tid ein kan uttrykkje kjensler.

Emosjonsrettleiing: har medvit på barna sine kjensler, er til stades, opprettar kontakt med barnet, syner forståing og aksept for barn sine kjensler (nyttar kroppsspråk, pust, tone og evt. ord). «Går inn i kjensla»/ set namn på kjenslene. Om nødvendig, hjelpe og støtta barnet i problemløsninga (trøst, peika ut ein retning, assistera, setja grenser).

ORGANISERING OG LEING:

Gruppeleieing og rettleiing: er proaktiv og førebygger, gir trygge og forutsigbare rammer.

Tilrettelegging for leik, læring og overgangar: klåre rutinar, sikre flytande og gode overganger, barna kjenner til reglar, lite venting.

Variasjon: varierte materialer i barna si høgde, barnefokus, effektiv tilrettelegging.

LÆRINGSSTØTTE:

Omgrepslæring, forståing og dybdelæring: integrera ny kunnskap til etablert kunnskap, bidra til å auka kunnskap knytt til kvardagsopplevelingar, skapa samanhengar i barna sine liv, utfordrar barna til tenkning og problemløsning

Tilbakemeldingar: nyttar hint og gir verbal eller fysisk støtte til barna si læring og meistring, forklarar omgrep og hendingar, utvidar, gir gode og konkrete tilbakemeldingar, anerkjenner innsats og gjennomføring.

Språk: hyppige samtalar, fram- og tilbake utvekslingar, stiller opne spørsmål, repeterer barna sin utsegn, sjølvsnakk, parallellsnakk, variert språk, forklarer ord og knytter ord til hendingar/erfaringar her og no.

Egenledelse i lek og læring: støtter barn i si utvikling av egenledelsesfunksjonane; planlegging, organisering, arbeidshukommelse, fleksibilitet, sjølvregulering, sjølvmonitorering, igangsetting, samt tilrettelegging for eit variert og rikt leikemiljø og deltaking i barna sin leik.

Slik arbeider vi med Barnet først:

Barnehagen skal anerkjenne og ivareta barndommens egenverdi. Å bidra til at alle barn som går i barnehagen, får ein god barndom prega av trivsel, venskap, og leik, er fundamentalt. Barnehagen er også ei førebuing til aktiv deltaking i samfunnet og bidreg til å leggje grunnlaget for eit godt liv (Rammeplan for barnehagen 2017, s.8).

Dette er ein viktig del av verdigrunnlaget i barnehagen, og noko me arbeider med gjennom omgrepene omsorg, leik, læring og dannning.

Gjennom våre satsingsområde har me også fokus på omgrepene som blir omtala i rammeplanen sitt formål og innhold. Dette er omgrep som er noko av fundamentet for vårt arbeid i barnehagen.





Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen å vareta barn sitt behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling

(§ 1 Formål Barnehageloven 2017)

Korleis me lukkast med å omsetje desse omgrepa i handling er avhengige av vår relasjonskompetanse. Vår relasjonskompetanse er grunnmuren for å kunne gje omsorg, men også for at barn skal læra gjennom sin leik og for at me skal kunne fremje danning i barnehagen. Omgrepa er difor ein del av ein heilskaplig prosess.

OMSORG

Omsorg omhandlar det å kunne bry seg om, og ta vare på eit anna menneske. Omsorg har fleire perspektiv; fysisk, psykisk og etisk. Omsorg er ein sosial relasjon og om å ha forståing for den som har behov for omsorg (L. Askland 2006).

Omsorg kan sjåast i samanheng med vår evne til å skapa tryggleik, og barn sin tryggleik er grunnlaget for vidare utvikling og læring. Det handlar også om vår evne til å visa genuin interesse for barna og deira behov, og respektere, anerkjenne og stadfeste gjennom kommunikasjon og samspel (A. Schjeldrup 2015).

Samspelet mellom vaksne og barn, og i barnegruppa, gjev barn grunnleggjande erfaringar om seg sjølv i forhold til andre menneske. Omsorg er ein viktig del av det uformelle samspelet i barnehagen og gjennom ulike kvardagssituasjonar kan me vere med på å skapa gode møte der barna opplever at dei blir sett og hørt. Vår relasjonskompetanse, og måten me er til stades på, har stor betydning for korleis me er i dette samspelet.

Ein føresetnad for læring er god omsorg. Difor er også all planlagt læring omsorg. Barnet si sjølvkjensle og meistring er nært knytt til at barnet skal oppleva ein god barndom. Difor er omsorg ein viktig del av det pedagogiske tilbodet barna får i barnehagen.

Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vera trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærlek. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre. I barnehagen skal barna oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte og få den hjelpa og støtta dei har behov for. Barnehagane skal aktivt legge til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som også verdsätter omsorgshandlingane til barna

(Rammeplan for barnehagen 2017, s.19).

Korleis arbeider me med omsorg:

- Me utviklar vår relasjonskompetanse gjennom kurs (t.d. TIK og CLASS)
- Me nyttar tid på personalmøte og avdelingsmøte til å reflektera over korleis me omset vår kunnskap til handling
- Me møter barna på ein hyggeleg måte
- Me er fysisk og mentalt tilstades i kvardagen for barna, når har behov for eit smil, ein klem, eit fang å sitja på, en hand å halde i, nokon å dela ei oppleveling med, nokon å le saman med, hjelp, trøyst, tryggleik, empati, forståing, støtte og oppmuntring
- Me anerkjenner barn sine kjensler, og hjelper dei til å skilje og setja ord på ulike kjensler
- Me rettleiar barna i konfliktsituasjonar og hjelper dei med å finna gode løysingar
- Me gjev barna ros når dei gjer noko positivt og viser omsorg til andre barn

LEIK

Leiken skal ha ein stor plass i barnehagen vår, noko som kjem til uttrykk i både barnehageloven og rammeplanen. Leiken er difor ein viktig del av vårt samfunnsmandat. Det å leggja til rette for, og skapa gode vilkår for ein allsidig leik, er ei viktig oppgåve for oss i barnehagen.

Leiken har ein eigenverdi og barn har ein ibuande trøng til å leika. Leiken er frivillig og indremotivert og ein stor del av barn sin kvardag og væremåte.

Leiken er ein svært viktig læringsarena for barna. Leiken er med på å stimulera ulike sider ved barn si utvikling, både sosialt, språkleg og motorisk. Leiken er også med på å utvikla kreativitet og fantasi og vår evne til å løysa problem. Gjennom leik og utprøving lærer barna mykje om korleis verda fungerer, og dei lærer å forholda seg til andre menneske. Når barn leikar med andre, vil dei få erfaringar med å forhandle, finna løysingar på konfliktar og lytta



til kvarandre. På den måten kan dei skapa venskap, noko som er viktig for at barna skal trivas i barnehagen.

Leiken er alltid i utvikling, endrar seg gjennom barn si utvikling, og kan ha ulike uttrykk som t.d. imitasjonsleik, «på liksom», øvelsesleik, rolleleik, konstruksjonsleik, boltreleik og regelleik.

Korleis arbeider me med leik:

- Me utviklar vår kompetanse m.a. gjennom fokus på egenledelse i leik (rolleleken)
- Me observerer barna sin leik og kva dei er opptatt av, og legge til rette for deira initiativ (barn sin rett til medverknad)
- Me rettleier barna i leik der det blir konfliktar og uheldige samspelsmønster
- Me hjelper barn som strever med å komme inn i leiken
- Me legg til rette for ulike former for leik som er tilpassa barn sin alder og utvikling
- Me gir nye impulsar til leiken gjennom opplevingar
- Me organiserer barna i leikegrupper der dei kan leika uforstyrra i små grupper
- Me er medvitne på våre eiga rolle i leiken, og kan delta i leiken på barn sine premissar
- Me organiserer rom, tid og leikemateriale jamleg
- Me bruker uterom og friluftsliv aktivt for å stimulere og bidra til ein god leik

LÆRING

Læring er ein kontinuerlig prosess og i barnehagen skal barn oppleve eit stimulerande miljø som støtter opp om lysta til å leike, utforske, lære og mestre

(Rammeplan for barnehagen, s.22).

Læring kan sjåast på som varig endring av haldningar, ferdigheter og kunnskap, og byggjer på erfaringar. Endringane kjem til uttrykk i barn sine handlingsmogelegheitar og åtferd, og i deira forståing av seg sjølv og det sosiale og fysiske miljøet. Målet med ein læringsprosess er å skapa fleksibilitet hos barna, gje dei eit ynskje om å læra og fremja barna si evne til å endra seg gjennom nye erfaringar. Læringa skal sørge for at barnet får det som trengs for å søkje ny læring, og at dei ser på læring som noko nyttig og positivt. Det handlar om å gje barna motivasjon for eiga læring, knytt til at barna får utvikla eit sjølvbilde som gjev læring og endring til eit positivt ideal (L. Askland 2006).

Læring skjer både i uformelle kvardagssituasjonar i samspel med andre, og i tilrettelagte og planlagde aktivitetar. Vår evne til å være i samspel og relasjon med barna, er en viktig faktor for å kunne støtte barn si utvikling og læring i alle situasjonar og utviklingsområde. Tryggleik gjennom omsorg, og eit godt tilrettelagt leikmiljø er ein føresetnad for ein god læringsarena.

Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskaper som bidreg til meiningsfull samhandling. Nysgjerrigkeit, kreativitet og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane. Barna skal få undersøkje, oppdagje og forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansane i læringsprosessane sine. Barnehagen skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra til eiga og andre si læring. (Rammeplan for barnehagen 2017, s 22).

Korleis arbeider me med læring:

- Me arbeider med eit inkluderande fellesskap gjennom våre satsingsområde, og legg til rette for at barn kan bidra i eiga og andre si læring
- Me har fokus på læring og meistring gjennom vårt satsingsområde friluftsliv
- Me er med på å utvikla barn sitt språk
- Me gjev barna kunnskap, erfaring og ferdigheter gjennom fagområda og har utarbeida ein progresjonsplan for dette.
- Me tar utgangspunkt i barna sine interesser, nysgjerrigkeit og behov, og tar dette med i vår planlegging av aktivitetar og læringssituasjonar

Plan, kropp, bevgelse, helse



DANNING

Danning er eit nokså nytt omgrep i vårt barnehagemandat og har erstatta omgrepet oppseding. Både oppseding og danning handlar om forholdet mellom barn og vaksne, og den vaksne si oppgåve er å støtta barnet i ein søken mot autonomi (sjølvstende) og ansvarskjensle. Oppseding har ofte hatt som eit hovudmål å påverke mot bestemte mål, og overføring av verdiar og holdningar, og barn blir gjeme sett på som passive mottakar av andre sin kunnskap og haldningar (K.Pape 2013).

Danning inneber derimot at barnet vert bevisstgjort ved å reflektera over erfaringar (Olsholt og Schjeldrup 2013). Små barn utviklar evne til refleksjon først og fremst gjennom utforsking og leikande samspel med andre. Gjennom utforsking, leik, samtale og samhandling skapar dei mening i sine erfaringar, undersøker ulike perspektiv, utfordrar og formulerer eigne synspunkt. Gjennom gode danningsprosessar forstår barn seg sjølv, andre og vår felles verd, slik at dei sjølv kan velje korleis dei vil tenkje, handle og vera. Danning handlar om å bli seg sjølv som menneske (K.Pape 2013).

Danning skjer altså når me handlar i eit fellesskap med andre. Det å handle i eit fellesskap inneber å bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap. Barnehagen skal fremje samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og følgjast opp. Barnehagen skal bidra til at barna kan få felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet

(Rammeplan for barnehagen 2017, s. 21).

Det er viktig å la barna vera med å ta ei avgjerd og medverknad er sentralt. Barn må få hjelp til å uttrykke si mening, og oppleva at deira synspunkt er viktig og blir tatt omsyn til.

Korleis arbeider me med danning

- Me møter barn sine spørsmål og undring på ein etisk forsvarleg måte
- Barn får oppleve reell medverknad
- Alle barn har krav på å bli møtt som den dei er
- Me observerer og anerkjenner, og følgjer opp barn sitt perspektiv og meininger
- Me rettleiar barna til utvikle respekt og forståing for det som er annleis
- Me utfordrar barn si tenking gjennom samtalar i barnegruppa

Progresjonsplan for omsorg, leik, læring og danning – se vedlegg 1



VENSKAP OG FELLESSKAP

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre, og omfattar ferdigheiter, kunnskap og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av venskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla til barnet skal støttast, samstundes som dei skal få hjelp til å meistre balansen mellom å dekke eigne behov og det å ta omsyn til andre sine behov

(Rammeplan for barnehagen 2017, s.22).

Arbeid med venskap og fellesskap er noko me arbeider aktivt med gjennom våre satsingsområder.

KOMMUNIKASJON OG SPRÅK

Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og vert påverka av alle sider av barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå, og skape mening

(Rammeplan for barnehagen 2017, s.23)

Språket er viktig for å kunne delta i fellesskapet og utvikle sosial kompetanse. Barn lærer språk gjennom samspel med andre, og leiken har ei viktig rolle i denne utviklinga.

Me arbeider med språk og språkutvikling gjennom heile barnehagekvarldagen, både i formelle og uformelle situasjonar. Me har samtalar med barn under måltida, i samlingsstund og i rutinesituasjonar. Me bruker rim og regler, og har eit ekstra fokus på bøker og det å lesa for barna kvar dag.

FAGOMRÅDA I RAMMEPLANEN

Barnehagen sine fagområde gjenspeglar områda som har interesse og eigenverdi for barn i børnehagealder. Gjennom arbeid med fagområda skal me bidra til å fremja trivsel, allsidig utvikling og helse. Fagområda er viktige, og er ein gjennomgåande del av barnehagen sitt innhald. Barna sin leik dannar eit viktig grunnlag for vårt arbeid med fagområda. Me tar utgangspunkt i barna sitt engasjement, og deira bidrag, slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som meiningsfullt og morosamt i barn sin kvardag. Gjennom å ta utgangspunkt i barn sine interesser vil me også kunne ta omsyn til deira rett til medverknad.

Barnehagen har utarbeida ein eigen progresjonsplan for arbeid med fagområda. Progresjonsplanen skal sikra at barna får eit tilbod som er tilpassa alder og funksjonsnivå. Planen beskriv kva som er forventa på dei ulike alderstrinna, og kva for aktivitetar me vektlegg. Me dokumenterer vårt arbeid med fagområda via jamlege pedagogiske informasjonsskriv og på MyKid.

Progresjonsplan for fagområda [Vedlegg 2](#)

5. BARN SIN RETT TIL MEDVERKNAD


Barn i barnehagen har rett til å gje uttrykk for sitt syn på barnehagen si daglege verksemد. Barn skal jamleg få mogelegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen si verksemد.

Barnehagen skal vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadane og behova til barna. Også dei yngste barna og barn som kommuniserer på andre måtar enn gjennom tale, har rett til å gi uttrykk for kva dei synest om sine eigen vilkår. Barnehagen må observere og følgje opp dei ulike uttrykka og behova til barna. Ein skal vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og modenskap. Barn skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til. (Rammeplan for barnehagen 2017, s.27).

Medverknad er ikkje det same som å bestemma. Barnet vil etter kvart læra å forstå skilnaden på det å bli høyrt og lytta til og får lov til å vere med å påverke, og det å få bestemme alt sjølv De som alltid lar barna få gjøre som de vil, har fullstendig misforstått begrepet frihet. Det er direkte feigt å si til sine barn: Gjør som dere vil (Astrid Lindgren).

Slik arbeider me med barna sin rett til medverknad:

- Me har fleksible planar og dagsrytme
- Gjev rom for frileik og lar barna ta eigen val
- Me observerer barna og legg til rette for leik og aktivitet, med utgangspunkt i det me ser barna har behov for og er opptekne av
- Dei vaksne lyttar til barna, og skaper tid og rom for gode samtalar barn-vaksne
- Dei vaksne er lydhøyre for kva barna ynskjer, og kva dei er interessert i. Planar og aktivitetar blir delvis styrt av dette
- Me har barnesamtalar
- Me tar barna med på planlegging av arbeid med tema og prosjekt
- Barna får velje når det er føremålstenleg for barnet
- Barna blir møtt med grunnleggjande respekt og anerkjenning





6. SAMARBEID

FORELDRESAMARBEID:

Eit godt samarbeid mellom heimen og barnehagen er svært viktig for at barnet skal oppleva ein god barnehagekvardag. Både barnet og dei føresette må kjenna seg trygge i det tilbodet barnehagen gir. Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barn sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for utvikling (§ 1. i Barnehagelova). Dette gir oss i barnehagen ei tydeleg føring på at me har eit felles ansvar for at barna skal trivast og utvikla seg. Føresette er dei viktigaste personane i barna sitt liv og difor den viktigaste samarbeidspartnaren for oss i barnehagen.

Den daglege kontakten er kanskje den viktigaste delen av samarbeidet vår. Gjensidig kommunikasjon er et viktig element i samarbeidet mellom personale og foreldre, og det at partene møtes både om morgenen og ettermiddagen, gir mange anledninger til kontakt der man kan utveksle informasjon om barnet og bli betre kjent med hverandre (May Britt Drugli 2017). Her kan føresette formidla informasjon om barnet, t.d. om barnet har sove godt, hatt spanande opplevingar i familien og liknande. Dette er viktig informasjon til oss i barnehagen og noko me kan ta omsyn til i vårt arbeid. Det er også viktig for føresette å få god informasjon om korleis deira barn har hatt det i barnehagen. Me legg ut informasjon på MyKid og seier noko om dagen i dag og bilde frå turar og aktivitetar. Men, den daglege dialogen når barna kjem til barnehagen og når dei vert henta er kanskje den viktigaste delen av samarbeidet med føresette. Det er i desse situasjonane me kan byggja tillit og gode relasjoner.

I tillegg til den daglege kontakten, vil foreldresamtalar vera eit viktig møtepunkt for vårt samarbeid. Barnehagen skal leggje til rette for at forelda og barnehagen med jamne mellomrom kan utveksle observasjonar og vurderingar knytt til helse, trivselen, erfaringane, utviklinga og læringa til det enkelte barn (Rammeplan for barnehagen s. 29). Føresette får tilbod om foreldresamtalar to gangar i året, eller etter behov. I slike samtalar gir me i barnehage ei vurdering av barnet si utvikling i barnehagen. I denne samtalet er det viktig at dei føresette får formidle sine tankar og at dei på den måten kan medverke til å gi oss informasjon me kan ta med i vår planlegging og til rettelegging.

Oppstartsamtalen før barnet begynnar i barnehagen/ved oppstart er ekstra viktig for at barn og føresette skal få ein godt møte med barnehagen.

I løpet av eit barnehageår, avvikla me 1-2 foreldremøte. Foreldremøte kan avviklast på kvar avdeling eller for heile barnehagen. Innhaldet på eit foreldremøte kan vera aktuelle tema i barnehagen eller tema som føresette ynskjer at me skal ta opp. Dette kan vera tema knytt til barn og barndom.

Føresette har også ein viktig stemme i høve til barnehagen sitt innhald og verksemd. Her kan føresette medverke og samarbeide gjennom foreldreråd og samarbeidsutval. Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og bidra til samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø (Rammeplan for barnehagen 2017, s.30). Foreldrerådet består av alle foreldre i barnehagen. Foreldrerådet kan nytta samarbeidsutvalet i barnehagen for å fremja sine saker.



Eit godt samarbeid med føresette skjer difor både på individnivå og gruppenivå. Det er viktig at me både på individ -og gruppenivå har ein god dialog og at formidlar forventningar me har til kvarandre. Føresette sine behov og ynskjer om korleis barna skal ha det, har mykje å seie for vårt arbeid i barnehagen. Det er ikkje alle ynskje me kan innfri og både foreldra og må ta inn over seg at barnehagen har eit samfunnsmandat og eit verdigrunnlag som er barnehagen si oppgåve å forvalte

(Rammeplan for barnehagen 2017, s. 29).

Eit godt samarbeid dei føresette er ein føresetnad for å gi barna ein god barndom.

Samarbeid med andre instanser:

Me har eit godt samarbeid med PPT, barnevernet, helsestasjon, spesialpedagogisk team og Høgskulen på Vestlandet (HVL).

Det er også eit godt samarbeid mellom Stord kommune og FUS barnehagane i høve til satsingsområde, intensjonar, kurs og kompetanseheving.

I regi av Stord kommune deltek me i Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

Lenke: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/>

Alle desse samarbeidspartane bidreg til auka vår kompetansen og styrkja kvaliteten i barnehagen, og er til barnet sitt beste.

7. OVERGANGER



TILVENNING I BARNEHAGEN

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehage. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barna

(Rammeplan for barnehagen 2017, s.33)

Standard for tilvenning



BEGYNNA I BARNEHAGEN – DEI YNGSTE BARNA

Rammeplanen for barnehagen seier at Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn

(Rammeplan for barnehagen 2017, s.33).

På bakgrunn av dette arbeider FUS Nordbygdo målretta for at barn og føresette skal få ein god start når dei begynner i barnehagen.

Den første tida i barnehagen kan vera avgjerande for korleis barnet opplever dei nye omgivnadane. I starten prøver me å skjerme dei nye barna mest mogeleg. I tilvenningsfasen prøver me å avgrensa talet på vaksne og barn dei yngste må forholda seg til.

Me vil at føresette skal vera sterkt involvert frå starten, slik at både barn og føresette skal kunna kjenne seg trygge på at barnehagen er ein god plass å vera. Barnehagen har utarbeida eigne rutinar for tilvenning. Det er viktig å være forberedt på at det vil variere kor lang tid tilvenninga tar, då barn er ulike på dette området.

Arbeid med dei yngste barna krev eit bevisst og kompetent personale som jobbar målretta for å oppnå tryggheit og trivsel for barna. Personalet må vera inkluderande, anerkjennande og tilstedevarande for å skapa ein trygg og nær relasjon til barna. Professor May Britt Drugli er ein av dei som har forska og sett søkjelyset på barn sitt møte med barnehagen. Ho sier at barn som har en trygg tilknytning til de vaksne i barnehagen viser senere en bedre kognitiv og sosial utvikling enn andre barn (Drugli 2012).

Forutsigbarhet og faste rutinar må innarbeidast på avdelinga for å leggje best til rette for ein trygg tilknyting. I praksis inneberer det at personalet bruker mykje tid på golvet i samspel med barna.

Me organiserer oss så mykje som mogeleg i små grupper, for å skape rolige stunder. Aktivitetar blir organisert ut i frå barna sine interesser og behov. For mange tilrettelagte aktivitetar kan derimot frata eittåringen den viktige nærbekanten (Drugli 2012). Det blir også viktig at avdelinga legg opp til ein dagsrytme som samsvarar med dei yngste barna sitt behov, i tillegg til faste rutinar som gir barna den nødvendige forutsigbarheten og tryggleiken.

Omsorg har ein stor plass i kvardagen til barna. Barna treng tilgjengelege vaksne som fungerer som ein trygg base og har eit fang dei kan sitja på når dei treng det. Det er barna sitt primærbehov som sovn, mat og aktivitet som er utgangspunktet for korleis me legg opp dagen. Det er barnehagen si oppgåve å forstå barna sine signal og forme dagsrytmen etter Ein god tilvenning og start i barnehagen er avgjerande for at barnet kan oppleve tilhørsle og føle at det er trygt å leike, utforske og lære (Rammeplanen 2017, s.33). Me nyttar dette som eit utgangspunkt for at barnet skal utvikle venskap, god kommunikasjon og leikekompetanse som er FUS sine satsingsområde.

Inkluderande og anerkjennande vaksne, forutsigbarhet og faste rutinar må innarbeidast på avdelinga for å leggje best til rette for dette. I praksis inneber det at personalet nyttar mykje tid på golvet saman med barna, ofte i små grupper. Her legg me opp til aktivitetar ut frå barn sine interesser, t.d. ulike sanseleikar. Barna får her også kjenne på korleis det er å vera del av ein gruppe, og får med dette mogelegheit til å skape sin egen identitet. Det er i samvær med andre barn at ein kan utvikle sin sosiale kompetanse.

Det er også viktig at avdelinga legg opp til ein dagsrytme som er i samsvar med dei yngste barna sine behov, samt gjentakande rutinar som byggjer under den nødvendige forutsigbarheten og tryggleiken. Barna skal sove når dei er trøtte og ete når de er svoltne. Nokre barn treng å sove kl. 10.00 på føremiddagen og nokre treng å sove kl. 12.00. Nokre er veldig svoltne og har behov for mat når de vaknar. Her er det barnehagen si oppgåve å forstå barn sine signal, og forme dagsrytmen etter barna sine behov. Samstundes skal leik ha ein stor plass i barna sin kvardag.

Som nevnt ovenfor, kan barna reagere ulikt på det nye tilværet i barnehagen. Me i barnehagen meiner det er viktig å anerkjenne kjenslene barna uttrykkjer, anten det er gråt eller glede. Personalet må i denne perioden ha ein tett kontakt, og dialog, med føresette om korleis det går i barnehagen. Føresette må få gode tilbakemeldingar i hentesituasjonen og me må vera opne for den informasjonen, og dei og tilbakemeldingane føresette gjev oss, når dei leverer barna i barnehagen. Meldingar om korleis barna har det kan me også gje via SMS. Me gjev tilbod om samtalar i forkant av barnehageoppstart, der ein kan utveksle informasjon, samt ta eit besøk i barnehagen/på avdelinga (bli kjent kveld).

Standard for tilvenning

OVERGANGER INNAD I BARNEHAGEN

«Det skjer overgangar i barnehagen og. Personalet skal sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjent med andre barn og anna personale når eit barn bytter børnegruppe»

(Rammeplan for barnehagen 2017, s.33)

Det å gå over til ei ny avdeling, frå småbarnsavdeling til stor avdeling, er ein overgang for både barn og føresette. Overgang fra en avdeling til en annen innebærer et følelsesmessig brudd for barnet, noe det er viktig å ta hensyn til. Det er derfor viktig å legge til rette for en god overgang fra småbarnsavdeling til storbarnsavdeling (Brandtzæg mfl. 2013 s.105).

Både barn og føresette skal bli kjent med nye barn, nye vaksne og nye rutinar. Det er difor viktig at me i barnehagen sørger for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe

(Rammeplan for barnehagen 2017, s.33).

Når eit barn skal over til ny avdeling vil det, i dei fleste tilfelle, vera ein voksen frå småbarnsavdelinga som blir med over til ny avdeling. Denne voksen vil fungere som ein primærkontakt for barna og vera ein person barna allereie har ein tilknytingsrelasjon til. På den måten blir denne personen barna sin «trygge base». Også barn over tre år har behov for tilknytingspersoner. Det er viktig å legge til rette for dette i overgang fra småbarnsavdeling til storbarnsavdeling (Brandtzæg mfl. 2013 s.105).

I nokre tilfelle vil ein frå storbarnsavdeling koma inn på småbarnsavdelinga og byggje relasjon/primærkontakt med dei barna som skal over til ny avdeling.

Når barn skal over til ny avdeling vil det vera i ei gruppe med barn fra same avdeling. Barna kjem difor saman med barn dei kjenner godt. Dei har med seg felles erfaringar og opplevingar fra småbarnsavdelinga som utgjer et felles vi (Anne Greve 2009) og som er utgangspunkt for å byggja venerelasjoner. Dette vil også vera med på å gjera barna trygge i ein overgang til ein ny avdeling.

Avdelingsleiaren på dei to avdelingane samarbeidar om korleis bli kjent på ny avdeling. Dette arbeidet startar i god tid før overgang.

- Dei voksne på den nye avdelinga kjem på besøk til småbarnsavdelinga
- Barna går på besøk til den nye avdelinga og gjer seg kjent (leikar, måltid o.l.)
- Me har turgrupper saman med dei voksne og barna på den nye avdelinga
- Me har foreldremøte i juni der personalet på den nye avdelinga gjev informasjon (får helsa på dei nye vaksne, rutinar o.l.)

I nokre tilfelle kan det vera aktuelt å flytte barn over til ny avdeling i løpet av barnehageåret. Dette vil da skje i eit nært samarbeid mellom leiarane på dei to avdelingane og føresette. Retningslinjene vil også være utgangspunkt for disse overgangene.

OVERGANG MELLOM BARNEHAGE TIL SKULE

Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheter som kan gi dei eit godt grunnlag og motivasjon for å begynne på skulen. Barnehagen skal bidra til at barn kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigkeit og tru på eigne evner

(Rammeplan for barnehage 2007, 33).


Ein god samanheng mellom barnehagen og skulen handlar om å leggje til rette for eit heilskapleg opplæringsløp som ivaretar barna sine behov. Det handlar både om at læringspotensialet hos det enkelte barn blir ivaretatt, støtta og blir utvikla på eit tidlig tidspunkt, og at barnet i det vidare skuleløpet får mogelegheit til å byggje på kunnskap og erfaringar frå barnehagen. Ein god samanheng mellom barnehage og skule skal ivareta barn sitt behov for tryggleik i ein overgangsprosess, og bidra til at opplæringa blir tilpassa det enkelte barnet allereie frå første skuledag. Det blir arrangert overføringsmøte/overføringssamtalar mellom skule og barnehagen. NB! Informasjon i samband med overføringsmøte skal ha godkjenning frå føresette.

Leik i barnehagen vil bidra til noko av det viktigste barna kan ta med seg til skolen; Leik er dei eldste barna sin viktigaste aktivitet, og den fremjar kreativitet og styrkjer alle utviklingsområde hos barnet. Rolleiken er dominerande i denne aldersgruppa, og dette er grunnmuren i tilbodet i barnehagen. Det å kunne ta kontakt med andre barn, og ha evne til å vere med i leik over tid er svært viktig for barna sin trivsel i barnehagen, og seinare på skulen. Det er viktig å kunne ha venner og leikekameratar.

Leik i barnehagen vil bidra til noko av det viktigaste barna tar med seg til skulen; sosial kompetanse, språkleg kompetanse og nysgjerrigkeit. Sosial kompetanse er noko me arbeider med gjennom heile barnehagekveldagen. Me har fokus på venskap og inkludering. Det handlar om å ha evner og kompetanse som er viktig for å samarbeide og vere i samhandling med andre, og utvikle gode venskap. Me har eit heilskapleg syn på læring. Læring skjer i alt samspel mellom menneske. I dette arbeidet ser me på leiken som barna sin viktigaste læringsarena, i tillegg til meir formelle arenaer.

Mål: 5 åringane i Nordbygd FUS barnehage skal kunne:

- Bruke og tolke leikesignal
- Ta omsyn og vere greie med kvarande
- Forholda seg til kvarandre
- Etablere venskap
- Venta på tur
- Ta imot beskjedar
- Kle på seg sjølv
- Vera sjølvstendig i toalettsituasjonen, vaske hender
- Sei frå til dei vaksne ved behov
- Passe på tinga sine
- Øve på overgangar
- Øve på å takle endringar i rutinar
- Læra seg å takle det å ikkje vinne og takle motgang
- Læra å bruke språket i konfliktsituasjonar
- Medverke i sin eigen kvardag





Tiltak for å nå måla:

- Barna får varierte samspelserfaringar og gode opplevingar
- 5 åringene drar på eigne turar og overnatting
- Barna er med å lagar reglar for korleis ein skal vera med kvarandre
- Arbeide med samarbeidsoppgåver
- Me arbeider med at barna skal få sjølvtillit og legg til rette for gode meistrings opplevingar
- Barna får ekstra ansvar i samband med tradisjonar i barnehagen
- Me har leikegrupper og nyttar «Steg for steg»
- «Min tur» barna vel turmål og aktivitetar

Språkleg kompetanse er også noko me arbeider med kontinuerlig i Nordbygdo FUS barnehage. Språk er personleg og identitetsdannande, og nært knytt til kjensler. Eit godt utvikla språk er ein føresetnad for leseforståing og skriftspråk.

Mål: 5 åringane i Nordbygdo FUS barnehage skal kunne:

- Ha ei begynnande forståing for kunnskap om tal, bokstavar og grunnleggjande omgrep
- Kunne lytta til og følgje ei bok/lydbok og få meg seg innhaldet
- Ha kunnskap om naturen og bærekraftig utvikling
- Kunne reflektere og filosofere. Lære om seg sjølv og verda
- Få erfaring med digitale verktøy
- Ha eit godt utvikla morsmål/norsk
- Kunne delta i samtalar
- Motta beskjed i gruppe, og forstå beskjedar i fleire ledd
- Leike med språket. Kunne fortelje vitsar, gåter, rim, regler og songar
- Kjenna til andre språk

Tiltak for å nå måla:

- Arbeid med språksprell
- Dagleg bruk av bøker
- Bruke faktabøker
- Ha allsidig utstyr til utforsking
- Rammeplanen sine fagområde er ein viktig del av barnehagen sitt innhald. Fagområda er i stor grad dei same som barna vil møte igjen i skulefaga.
- Stord Kommune har ein eigen plan for overgang barnehage – skule. Denne nyttar me i vårt arbeid med overgangen.

[Plan for overgangen mellom barnehage og skule](#)

8. BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VIRKSOMHET



LÆRENDE ORGANISASJON

«Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet er grunngitt i barnehagelova og rammeplan.»

(Rammeplan for barnehagen 2017, s.37)

I FUS er me lærande barnehagar. Personalet er i kontinuerlig utvikling, reflekterer over faglege og etiske problemstillinga, er faglig oppdatert og er gode rollemodellar. Senge (2006) sier: «en lærende organisasjon er en organisasjon som kontinuerlig forbedrer sin evne til å skape sin egen framtid.” Me legg difor vekt på at personalet utviklar sine evner og byggjer sin kapasitet slik at barna møter omsorgsfulle og kompetente voksne.

Arbeidet med å synleggjera vår pelagiske verksemd er forankra i rammeplanen og viktige verktøy er planlegging, vurdering og dokumentasjon.

Planlegginga må vere basert på kunnskap om trivselen til barn og allsidige utviklinga deira, både individuelt og i gruppe. Ho skal og vere basert på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre
(i Rammeplan for barnehagen 2017, s.37).

Pedagogisk leiar har ansvar for at avdelinga er godt organisert og at arbeidet er planlagt ut frå ein fagleg ståstad. Dette synleggjer me gjennom:

- Årsplan (offentlig)
- Månadsplanar (internt på avdelinga)
- Vekeplaner, konkretisering av innhald med grunngjevingar, lagt ut på MyKid kvar veke
- Pedagogisk informasjonsskriv som dokumenterer det pedagogiske arbeidet me har gjennomført



Det blir dokumentert med bilde på MyKid. Føresette godkjenner eller underkjenner denne forma for dokumentasjon. Her skal personalet utvise etisk refleksjon og vurdering før dei legg ut bilde av barna, samstundes som dei imøtekjem føresette sitt ynskje om bilde av sitt barn i barnehagekvardagen.

Gjennom å dokumenta kva me faktisk har gjort, viser me at barna blir gitt dei utviklings mogelegheitene gjennom leik, læring og omsorg som rammeplanen for barnehagen har skissert.

Avdelingsleiar har ansvar for arbeidet med dokumentasjon, men det kan utførast av alle tilsette.

Dokumentasjon knytt til enkeltbarn kan brukast i tilknyting til samarbeid med hjelpeinstansar utanfor barnehagen når det skjer i samarbeid og forståing med barna sine føresette. Dersom det skal setjast opp spesifikke mål for enkeltbarn, må dette ha ei grunngjeving, og måla må setjast i samarbeid med føresette og eventuelle samarbeidspartnarar utanfor barnehagen. Denne typen dokumentasjon er underlagt teieplikt.

Alle opplysninga om barnet og føresette vert sletta når barnet slutter i barnehagen. Barna sine mapper makulerast, med mindre føresette ber om å få den utlevert. Føresette har rette til å sjå dokumentasjon på eige barn.

Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet kan gi foreldre, lokalmiljø og kommunen som barnehagemyndighet informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen, og om korleis barnehagen oppfyller krava i barnehagelova og rammeplanen
(Rammeplan for barnehagen 2017, s.39).

I vårt arbeid med planlegging, dokumentasjon og vurdering bruker me:


- Pedagogisk informasjonsskriv. Her skal føresette få ein god faglig dokumentasjon som bidreg til at dei kan vurdere barnehagen sitt faglege innhald. Dei pedagogiske informasjonsskriva er også en del av den pedagogiske rapporten og halvårsvurderinga. Informasjonsskriva vert sendt ut via MyKid til føresette og personale
- Resultatet frå brukarundersøkinga og medarbeidarundersøkinga. Føresette vert tatt med i evaluering av tema, og dei vert spurta på foreldremøte kva dei ynskjer å vera med å evaluera. Tema i brukarundersøkinga er og noko me tar opp på foreldresamtalar.
- Pedagogane gjennomfører systematiske barnesamtalar med barna ein gang i året frå barna er 4 år. Samtalen skal gje barna mogelegheit til å fortelja fritt om si oppleving av

barnehagen. Oppsummeringa frå samtalene skal nyttast i planlegging av vidare arbeid, og skal skrivas inn i den pedagogisk rapporten frå kvar avdeling på våren. Barnehagen har ein eigen mal for desse samtalane, noko som gjer det enklare for pedagogen å stille opne spørsmål og få barna til å reflektera.

- Personalelet observerer/legg merke til barna sin respons på tilbodet i barnehagen. Dei eldste barna kan lettare gje uttrykk for kva dei liker og kva dei misliker. Barn med mindre verbal språk gjev i første rekke uttrykk gjennom sitt kroppsspråk. Personalelet må difor bruke dei ulike uttrykka barna gjev, som informasjon i det vidare arbeidet og planlegginga. For å forsterka observasjonane, kan personalelet nytta bilde frå situasjonar som er beskrive. I dette arbeidet er praksisforteljingar ein god arbeidsmåte. Ved behov kan personalelet nytta video, etter godkjenning frå føresette.
- Pedagogisk halvårsrapport; pedagogisk leiar skal utarbeida ein fyldig og grundig pedagogisk rapport til leiinga, kor arbeid med barnegruppa skal dokumenterast.
- Planlegging av barnehageåret er basert på punkta over og på barnehagen si eiga evaluering av siste års arbeid.

Avdelingsleiar har ansvar for arbeidet med dokumentasjon, men det kan utførast av alle tilsette.

I Nordbygdo FUS barnehage nyttar me observasjonsmetodane «TRAS» eller «Alle med» og ASQ og ASQ-SE for å kartleggje barna si språkutvikling, og sosiale kompetanse, ved behov. Skjema blir ofte brukt som utgangspunkt for foreldresamtalar.




«Barnehagen skal jevnlig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrives, analyseres og fortolkes ut fra barnehagens planer, barnehageloven og rammeplanen. Vurderingsarbeidet skal bygge på refleksjoner som hele personalgruppen er involvert i. Barnets trivsel og allsidige utvikling skal observeres og vurderes fortløpende, med utgangspunkt i barnets individuelle forutsetninger og kunnskap om barns utvikling og behov. Barnets erfaringer og synspunkter skal inngå i vurderingsgrunnlaget»

(Rammeplan for barnehagen 2017)

ME BRUKAR DENNE MODELLEN FOR EVALUERING OG VURDERING AV VÅRT ARBEID

Vårt arbeid med evaluering og vurdering byggjer på FUS barnehagen sin handlingsplan. Me tar utgangspunkt i barnehagen sine mål og satsingsområde for dette arbeidet og me nyttar vurderingsverktøyet SMARTE. Ein viktig del av dette arbeidet er å ha konkrete og gjennomtenkte mål med utgangspunkt i god planlegging.



SPESIFIKT

Målet må vera sansbart og tydelig og det er viktig at me prøver å beskriva nøyaktig kva med ynskjer

MÅLBART

Målet må vera uttrykt på ein slik måte at det kan målast i t.d. tid, vekt eller andre einingar

ATTRAKTIVT

Målet må vera så attraktivt at ein ynskjer å arbeida aktivt for å realisere det. Dersom ein ikkje er motiver for å gjera det som skal til for å oppnå det ein ynskjer, er det lite som tilseier at ein får det til.

REALISTISK

Målet ein set opp bør vera realistisk slik at ein verkeleg trur at ein kan oppnå det. Ein har ofte store ambisjonar for å nå mange og store mål på kort tid.

TIDSBUNDE

Måla og delmåla må setjast opp på ein slik måte at ein kan nå dei innafor eit bestemt tidspunkt

EVALUERBART

Det må vera mogeleg å evaluere og vurdere undervegs i prosessen mot målet og til slutt t.d. før neste måling, observasjon og undersøking.

«Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter behova og føresetnadene til barna, også når barn har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosial, pedagogiske/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod.

Inkludering i barnehagen handlar og om å legge til rette for sosial deltaking.

Dersom det er grunn til å tru at barnet ikkje kan få dekt behova sine innafor det allmennpedagogisk tilbodet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp.»

(Rammeplan for barnehagen 2017, s. 40).

Samarbeid med Stord kommune gjennom BTI og kompetanseutvikling Tidlig innsats og Inkludering BTI veilederen

NOTATER



FUUS
Nordbygdo

